

REKNESKAPSUTTREKK PER 30. SEPTEMBER 2025

Tala byggjer på eit uttrekk frå rekneskapssystemet og er ikkje direkte samanliknbare med det som framkjem i dei offisielle tertial- og årsrapportane. Tala er ikkje delt ut i tid (periodisert). Dette har innverknad på viktige tal som til dømes renteutgifter og avdrag som forfell til ulike tidspunkt i løpet av året. Andre postar som avskrivningar, og nokre pensjons- og skatteføringar, skjer berre i samband med årsoppgjeret

Tala for 2025 er samanlikna med tilsvarande periode i 2024 og 2023, for å synleggjera utviklinga over tid.

SEPTEMBER (MNOK)	REKN. hittil 2023	REKN. hittil 2024	REKN. hittil 2025	Endring 2024-25	Prosent 2024-25
Rammetilskot	-270	-278	-299	-21	7 %
Skatteinntekter	-219	-228	-262	-34	15 %
Eigedomsskatt	-22	-21	-22	-1	5 %
Salsinntekter (ex. konsesjonskraft)	-79	-74	-82	-8	11 %
Andre driftsinntekter (ex. heimfallskraft)	-70	-61	-62	-1	2 %
SUM INNTEKTER	-660	-661	-726	-65	10 %
Løn og sosiale utgifter	435	472	491	19	4,0 %
Pensjon	54	71	69	-2	-3,4 %
Kjøp av varer og tenester	172	179	186	8	4,4 %
Andre driftsutgifter (ex. kraftutgifter)	36	43	31	-12	-28 %
SUM UTGIFTER	698	765	777	12	2 %
Netto kraftinntekter (inkl. grunnrente)	-72	-46	-49	-4	8 %
Avdrag på lånegjeld	0	0	34	34	
Netto renteutgifter	21	31	45	14	45 %
SUM UTVALDE POSTAR	-50	-15	30	44	
RESULTAT hittil i år	-12	89	81	-8	-9 %

Uttrekk 06.11.2025

Rekneskapen visar fortfarande eit stort meirforbruk, men utviklinga samanlikna med fjoråret er positiv. På inntektssida er det spesielt auken i skatt og rammetilskot som er utslagsgjevande, men og eigedomsskatt, salsinntekter og andre driftsinntekter bidreg positivt.

Veksten i løn ligg under lønsveksten noko som kan tyda på at det er færre personar i arbeid. Pensjon svingar i takt med framtidige berekningar og er ikkje direkte samanliknbar med fjoråret. Kjøp av varer og tenester er opp noko meir enn prisveksten. Det er ein stor nedgang i andre driftsutgifter. Her utgjer reduksjon i overføringar til andre nesten 10 MNOK.

Kraftinntektene ligg noko over fjoråret. Netto renteutgifter er vesentleg høgare. Dette skuldast både periodiseringar, gjeldsvekst, og utløp av gamle fastrenteavtaler.

Det er verd å merka seg at det i 2025 tala ligg inne avdrag på lånegjeld på 34 MNOK. Dette fordi avdraget er betalt tidlegare på året. Dersom ein skal samanlikna med fjoråret må det korrigerast for dette. Meirforbruk hittil i år vert då på 47 MNOK, samanlikna med meirforbruk på 89 MNOK i fjor. Dette indikerer betring i kommuneøkonomien. Når det er sagt, er det viktig å vera klar over at det framleis er tale om eit vesentleg meirforbruk og at det i 2025 er ei auke i avdraga på 8,3 MNOK som vil trekka i negativ retning.

Kommentarar til utvalde enkeltpostar:

I 2025 er det gjort endringar i utrekninga av kommunen sin andel av skatteinntektene. Dette skal gjera tala meir føreseielege, men påverkar storleiken på tala og vanskeleggjer samanlikning med tidlegare år. Tidlegare inngjekk utbytte i skattegrunnlaget til kommunane, noko som medførte at ein større del av skatteinntektene til kommunane kom på slutten av året.

Satsane på eigedomsskatt for bustad og fritidsbustad har vore endra. I 2024 vart botnfrådraget auka frå kr 300 000 til kr 350 000, dette fører til ei nedgang i inntekta. I 2025 vart skattesatsen auka frå 3,0 til 3,3 promille, som medverkar til inntektsauken hittil i år.

For næringseigedommar har satsen vore uendra på 7,0 promille. Her har det også vore ei nedgang i 2024 og ein auke hittil i 2025. Hovudforklaringa er knytt til verdsettingsreglane for vasskraftanlegg.

Ramma for lønsvekst var i 2023 var på 5,4% og i 2024 på 5,2%. Lønnsoppgjeret for kommunane i 2025 ligg i snitt på 4,4%. Lokalt er det avvik frå lønsramma som følgje av endring i stillingar, vakansar og individuelle forhold.

Kjøp av varer og tenester vil normalt auke med inflasjonen frå eit år til neste. I 2023 var inflasjonen på 5,5% og i 2024 på 3,1%. Frå august 2024 til august 2025 har inflasjonen vært på 3,5%. Storleiken på varekjøp varierer både frå månad til månad og frå år til år. Dette skuldast både endra behov og kva månad fakturaen kjem.

FORDELING PÅ KOMMUNALE TENESTEOMRÅDER (KOSTRA)

I denne tabellen syner den vanlege oppstillinga som vert nytta i budsjett, tertial- og årsrapportar. Tala syner netto tal for det einskilte tenesteområde.

KOSTRA Tenesteområde September 2025 (MNOK)	REKN. hittil 2023	REKN. hittil 2024	REKN. hittil 2025	Endring 2024-25	Prosent 2024-25
Administrasjon	38	40	40	0	0 %
Barnehagar	71	83	88	5	6 %
Barnevern	17	18	18	0	2 %
Brann- og ulykkesvern	12	15	11	-4	-28 %
Bustad	-3	-2	-2	0	-11 %
Finans og fellespostar	-531	-535	-537	-2	0 %
Grunnskuleopplæring	122	140	142	2	1 %
Næringsforvaltning og konsesjonskraft	-65	-30	-44	-14	47 %
Kommunehelse	39	37	41	5	12 %
Kultur	18	28	26	-2	-6 %
Kyrkja	5	5	6	1	13 %
Plansak og byggesak	6	6	4	-2	-33 %
Pleie og omsorg	224	244	254	10	4 %
Samferdsel	8	9	8	-1	-13 %
Sosialeteneste	29	28	30	1	5 %
Styring og kontrollverksemd	4	5	5	0	6 %
Tenester utanfor ordinært ansv.område	6	2	1	-1	-52 %
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-12	-6	-11	-5	80 %
TOTALT	-12	89	81	-8	-9 %